

# REFERAT

Styremøte i VIR 20.06.2017 kl 20.00 i Voss Idrettshall

Desse møtte: Olav Farestveit, Asle Bergstrøm, Frode Rokne, Britt Elisabeth Dale, Einar Melve, Nils Een

Møtte ikkje: Renate Lunde, Sven Oskar Moseide

Nils Akselberg og Torgils Bryn møtte seinare (etter at VIR var ferdig med dei andre styresakene) for å orientera om "Moglegheitsstudie Vinter-OL/PL Voss, Bergen, Stavanger" og "Stiftingsdokument for Idrettens Olympiade AS"

Sakliste:

- Referat frå Årsmøtet 23/5-2017-gjennomgang
- Kostituering av ulike funksjonar i styret.
- Samarbeidsavtalen Voss Komm./VIR.
- Handlingsplanen for VIR 2017
- Medlemskontingent i VIR frå 2018 -Praktisk gjennomføring
- LA-midlar 2016 -ansvar for fordeling
- Representant i Brukarrådet for Voss idrettsplass
- Representant m/Vara i arbeidsgruppa for reg.plan for sentralidrettsanlegget.
- Representant i OL-saka.
- Ny valnemnd for VIR
- Ymse

Asle åpna og delvis leia møte saman med Olav, då dette også var eit styremøte der det nye styret skulle konstituera seg, og Asle takka av som leiar.

## **-Referat frå Årsmøtet 23/5-2017-gjennomgang**

Ingen merknad

## **-Kostituering av ulike funksjonar i styret.**

Johan Gustav Nes vart vald inn som styremedlem på årsmøte, men hadde ikkje tekje på seg attval, og dermed går Sven Oskar Moseide inn som styremedlem, og Frode Rokne vert dermed den einaste varamedlem.

Det nye styre ser dermed slik ut:

Olav Farestveit - leiar

Nils Een - nestleiar

Einar Melve - styremedlem

Sven Oskar Moseide - styremedlem

Britt Elisabeth Dale - styremedlem og fortset som ansvarleg for heimesida

Renate Lunde - styremedlem og vald til skrivar

Frode Rokne - varamedlem og tok på seg jobben som kasserar

**-Samarbeidsavtalen Voss Komm./VIR.**

Den nye samarbeidsavtalen er underskriven og gyldig. Vert lagt ut på heimesida.

**-Handlingsplanen for VIR 2017**

Handlingsplanen for VIR for 2017 vart gjennomgått av Olav, og vert eit arbeidsdokument framover

**-Medlemskontingent i VIR frå 2018 -Praktisk gjennomføring**

Frode sjekkar korleis dette kan gjerast reint praktisk, men mest truleg må det sendast ut eigen faktura til alle laga, gjerne saman med tildeling av LA midlar

**-LA-midlar 2016 -ansvar for fordeling**

Frode arbeidar ut oversikt over tildelingar av LA-midlar, og legg dette fram for styret

**-Representant i Brukarrådet for Voss idrotts plass**

Olav og Einar vert rep.

**-Representant m/Vara i arbeidsgruppa for reg.plan for sentralidrettsanlegget.**

Olav og Einar vert rep.

**-Representant i OL-saka.**

Olav og Frode vert rep, men Frode må fyrst få godkjenning i styre

**-Ny valnemnd for VIR**

Valnemnd vart ikkje vald på årsmøte. Asle tok på seg å sitja i valnemnda og skulle prøva å skaffa komplett valnemnd.

**-Ymse**

Under dette punktet tok Asle ein gjennomgang av "notat om reg.planarbeidet for sentralidrettsanlegg mm."

Det vart drøfta ein del punkt i notatet, eg det vart gjort nokre mindre endringar.

Notatet vert oversendt Voss kommune v/planavdelinga

Nils Akselberg og Torgils Bryn fekk så ordet for å ta ein gjennomgang på

"Moglegheitsstudie Vinter-OL/PL Voss, Bergen, Stavanger" og

"Stiftingsdokument for Idrettens Olympiade AS"

Eit spennande prosjekt der det er eit stort engasjement både frå Voss, Bergen og Stavanger, og dette arbeidet vert spennande å fylgja vidare.

"Stiftingsdokument for Idrettens Olympiade AS" byggjer på at dette prosjektet skal vera sterkt forankra i idretten, og at dei tre idretråda i Voss, Bergen og

Stavanger skal stå som aksjeeigarar.

Dei tre idrettsråda skal kvar gå inn med kr 10.000,- jf pkt. 3-aksjeteikning. For at arbeidet vidare skal kunna startast, vart det gjort fylgjande vedtak i VIR:

Styret i VIR gir sin tilslutning til "Idrettens Olympiade AS" og løyver kr. 10.000,- og forskotterar også ytterleg kr. 20.000,-

Nils Een

-ref-